



Detaljregulering for vegkryss riksveg 15-Sjøgata

Reguleringsføresegner – Detaljregulering for vegkryss riksveg 15-Sjøgata

PlanID: 2023004

Nasjonal arealplanID: 4649_2023004

1 Siktemål med planen

Planen vert utarbeidd etter § 12-3 i plan- og bygningslova. Siktemålet med planen er å legge til rette for utbetring av eksisterande kryss mellom rv.15 og Sjøgata i Nordfjordeid.

Planområdet ligg i Nordfjordeid. Planen si avgrensing er vist på reguleringsplanteikning R01. Datert: 14.11.2024.

1.1 Generelt

- a) Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for å utbetre eksisterande kryss mellom rv.15 og Sjøgata slik at kapasiteten til krysset aukar, samt ny busslomme på sørsida av rv.15 og utbetring av eksisterande tilbod til mjuke trafikantar ved krysset.
- b) Plangrensene er vist på reguleringsplankartet. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.
- c) Reguleringsplanen erstattar delar av fylgjande reguleringsplanar
 - Skule- og sjukeheimsområde sentrum, Planid 1973002, 09.07.1973
 - Nordfjordeid sentrum, Planid 1998001, 07.10.1999
 - Nordøyrane nord for Fargarelva, Planid 2005003, 19.10.2006
 - Leirongane, Planid 1971001, 04.06.1971

Føresegner for bygningar og anlegg som er gjeve i desse planane, gjeld framleis så langt anna ikkje er bestemt i denne planen.

- d) Følgjande andre dokument er rettleiande:
 - Planomtale datert 14.11.2024
 - ROS-analyse datert 05.30.2024
 - Tekniske teikningar som er grunnlag for reguleringsplanen (C- D- og E-teikningar) datert 2024-11-14
 - RAPPORT-HYD01_flomvurdering Vegkryss rv.15-Sjøgata.pdf datert 2024-02-19
 - NOTAT-geo-001-skredfare planområde.pdf datert 2024-01-16
 - NOTAT-001 Vurdering av stormflo.pdf datert 2024-01-18
 - 10257122-RIG-RAP-001_rev00 Vegkryss Rv.15 Nordfjordeid datert 24.04.2024
 - RAPPORT_Støy datert 22.5.2024
 - NOTAT-Trafikkanalyse_001 datert 2023-12-15

1.2 Området regulerast til følgende formål:

- a) Bygninger og anlegg (Pbl §12,5, nr. 1)
- Næringsbebyggelse (1300) NÆ
 - Bevertning (1330) BE
 - Bensinstasjon/vegserviceanlegg (1360) BV
 - Øvrige kommunaltekniske anlegg (1560) ØK
 - Bustad/forretning/kontor (1802) F/K/B
- b) Samferdsleanlegg og infrastruktur (pbl. § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg (2011) KV
 - Fortau (2012) FO
 - Gang- og sykkelveg (2015) GS
 - Gangveg/gangareal (2016) GG
 - Annan veggrunn-teknisk anlegg (2018) AVT
 - Annan veggrunn-grøntareal (2019) AVG
 - Holdeplass/plattform (2025) HPP
 - Kollektivhaldeplass (2073) KH
 - Parkering (2080) P
- c) Grønstruktur (pbl. §12-5, nr. 5)
- Friområde (3040) FRI
- d) Omsynssonar (pbl. §§12-6 og 12-7)
- Støy (H210 og H220)
 - Faresone-ras og skredfare (H310)
 - Faresone-flaum (H320)
 - Frisikt mot veg (H140)
- e) Føresegnområde (pbl. §12-7)
- Mellombels bygge- og anleggsområde #

2 Felles føresegner

2.1 Universell utforming

- a) Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn ved prosjektering av veganlegget, på og ved areal for gåande og syklande og på kollektivhaldeplass

2.2 Overvatn

- a) Forventa auke i nedbørsmengd- og intensitet med bakgrunn i forventa framtidige klimaendringar, skal leggest til grunn for dimensjonering av anlegg for handtering av overvatn. Løysingar for overvatn skal dimensjoneraast for klimajustert 100 års-gjentaksintervall. IVF-kurve for Oppstryn skal nyttast.

- b) For å redusere byggegrop mot gang- og sykkelveg o_GS5 skal overvasskummar plasserast slik at det ikkje fører til større byggegrop inn i denne gang- og sykkelvegen. Det skal brukast hjelpesluk som fører overvatn til OV-kum.

2.3 Kulturminne

- a) Dersom det i samband med anleggsarbeidet vert funne gjenstandar eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stoppast. Fylkeskommunen skal varslast, jf. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

2.4 Støy

- a) a) Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) skal leggest til grunn for tiltaket. Ny støyfølsam arealbruk skal tilfredsstille grenseverdiane i T-1442/2021, tabell 2.
- b) Støyberekningar er gjennomførde. Vedlagde støyrapport med støysonekart viser berekna støy og er viste til i planomtalen. Aktuelle tiltak er fasadetiltak og lokale skjermingstiltak på kvar enkelt eigedom.
- c) For eigedomane som er identifiserte i støyrapporten skal støytiltaka sikre eit innandørs støynivå i samsvar med krav definert i NS 8175:2012 lydklasse C. Støynivå på ein avgrensa uteplass per buening skal ikkje overskride grenseverdiane i T-1442/2021 tabell 2.
- d) Støygrensene skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kostnads/nytte vurdering, stettast. Det endelege omfanget av og val av type støytiltak skal avklarast i detaljprosjektering og i samband med gjennomføring av veganlegget.

2.5 Eigartilhøve

- a) Planen tek ikkje stilling til eigartilhøve som ikkje er nemnt her

Følgande formål skal vere offentlege areal:

- | | |
|---------------------------------|-------|
| • Køyrevegar | o_KV |
| • Fortau | o_FO |
| • Gang- og sykkelveg | o_GS |
| • Annan veggrunn-teknisk anlegg | o_AVT |
| • Annan veggrunn-grøntareal | o_AVG |
| • Holdeplass/plattform | o_HPP |
| • Kollektivhaldeplass | o_SKH |
| • Gangveg/gangareal | o_GG |
| • Parkeringsplass | o_P |

Følgande formål skal vere felles:

- | | |
|-------------------|------|
| • Køyrevegar | f_KV |
| • Fortau | f_FO |
| • Parkeringsplass | f_P |

- b) Erverv av ny offentlig veggrunn skal vere minst 1 meter frå fyllingsfot eller skjeringstopp. Ved oppmåling og grunnverv skal dette tilpassa faktisk fyllingsfot/skjeringstopp, då dette kan avvike frå det som er prosjektert.

2.6 Tilpassingar innanfor offentlege vegformål

- a) Samferdselsanlegg skal opparbeidast som vist på plankartet og på vedlagde C-, D- og E-teikningar. Mindre tilpassingar innbyrdes mellom dei ulike offentlege samferdselsformåla er tillate.

3 Krav om utgreiingar / planar

3.1 Krav til byggeplan for tiltak på offentlig veg

- a) Før anleggsstart skal det utarbeidast byggeplan for vegtiltak med sideareal. Byggeplanen skal også vise:
 - Terrenghandsaming
 - Istandsetting og tilbakeføring av sideareal nytta til mellombels anleggsområde
 - Omsyn til andre tekniske anlegg i området
- b) Ved detaljprosjektering og bygging skal ein følgje tilrådingane gitt i geoteknisk rapport 10257122-RIG-RAP-001.
- c) Før anleggsarbeidet startar skal det utarbeidast tilstandsrapport av bygningar som ligg nær veganlegget

3.2 Plan for ytre miljø

- a) Ytre miljø plan (YM-plan) skal ligge ved byggeplanen for vegtiltaka. Krav vist i YM-planen skal følgjast. Rigg- og marksikringsplan skal vere ein del av YM-plan.
- b) Ved tilkøyring/bruk av massar skal det dokumenterast at massane er fri for frø og plantar som står på forbodslista i forskrifta om framande artar i Naturmangfaldslova.
- c) I anleggsperioden skal det planleggast naudsynte tiltak slik at ein avgrensar /motverker partikkelspreiing og anna type forureining til nærrområde på land og sjø/vatn
- d) Ved bygging av veganlegget skal framande artar takast hand om, slik at krav i den tid gjeldande handlingsplan og forskrift vert ivareteke.
- e) Det skal planleggast reinsetiltak for overvatnet frå veganlegget

3.3 Rekkefølgekrav

- a) Fortauet o_FO1 skal etablerast seinast når Nordøyrane vert bygt ut, som del av det nye gatesystemet til Nordøyrane.

4 Bygningar og anlegg (pbl. §12-5, nr. 1)

4.1 Næringsbebyggelse NÆ (1300)

- a) Området er regulert til drift av serveringsstad (restaurant), og kan nyttast til parkering for serveringsstad og vekslarhus (ØK1 og ØK2). Maks utnyttingsgrad %-BYA=50 %.
- b) Det kan gjerast tiltak på arealet for tilpassing til justert gate med fortau.

4.2 Bevertning BE (1330)

- a) Området BE er satt av til drift av bevertningsstad (restaurant)..
- b) Maks utnyttingsgrad BYA=50 %

4.3 Bensinstasjon/vegserviceanlegg BV (1360)

- a) Området er regulert til drift av bensinstasjon og vegserviceanlegg inkludert verkstad. Det kan gjerast tiltak på arealet for tilpassing til det nye kryssområdet.

4.4 Øvrige kommunaltekniske anlegg ØK (1560)

- a) Innanfor områda ØK1-3 kan det etablerast kommunaltekniske anlegg knytt til mellom anna vassforsyning, avløp, renovasjon, breidband, varme- og energiforsyning.
- b) Innafor ØK2 kan det etablerast tilbygg og pumpekum til Vekslarhuset i tilknytning til fjernvarmeanlegget.
- c) Det kan gjerast tiltak på arealet for tilpassing til vegsystemet.

4.5 Bustad/forretning/kontor F/K/B (1802)

- a) Innanfor området F/KB2 kan det førast opp bygningar for forretning, kontor og bustad. Bygningane kan innehalde eitt eller fleire av formåla. Nybygg skal byggast slik at støynivået innandørs ikkje overstig grenseverdiane i retningslinje T1442/2021.
- b) Gesimshøgde skal minimum vere 5 meter og maks 7 meter. Mønehøgde maks. 9 meter.
- c) Bygning skal ikkje ha valmtak. Bygning med saltak skal ha takvinkel mellom 37° og 45°.
- d) Breie bygningskroppar skal visuelt brytast opp i fasaden ved at fleire saltak/arker vert sett saman. Fasadar mot offentleg veg skal oppførast med vindauge. Ubebygde område innanfor byggelinja som ikkje vert nytta til parkeringsplass skal opparbeidast parkmessig og beplantast.
- e) Parkering, varetransport og vareinntak skal skje på eiga tomt. Manøvrering av køyretøy tilknytt desse aktivitetane skal ikkje skje på køyreveg eller areal for mjuke trafikantar
- f) Det kan gjerast tiltak på arealet for tilpassing til vegsystemet.

5 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

5.1 Felles føresegner

- a) Veganlegget skal opparbeidast med kvalitet slik det går fram av vedlagde C- D- og E-teikningar.

5.2 Køyrevegar KV (2011)

- a) Køyrevegar skal opparbeidast i samsvar med linjeføring og breidde, slik det går fram av reguleringsplan-teikninga. Høgder går fram av plan- og profil-teikningane. Plassering i høgde kan avvike noko frå det som er vist i vedlagde teikningar for optimalisering opp i mot eksisterande tilhøve.
- b) f_KV6 skal fungere som felles avkøyrsløse til gnr. 43 bnr. 114 og bnr. 104.

5.3 Fortau FO (2012)

- a) Fortau skal opparbeidast med bredde slik det går fram av reguleringsplan-teikninga og tilpassa i høgde til køyreveg for å sikre god universell utforming og ønska tilkomst til vekslarhuset og parkering langs elva.
- b) Fortauet skal utformast i tråd med krav til universell utforming i Statens vegvesen sine handbøker og i TEK17. Der det er skilnad på krava mellom Statens vegvesen sine handbøker og TEK17 skal TEK17 gjelde.
- c) Det vil vere løyve til å køyre på fortauet for naudsynt drift og for tilkomst til vekslarhuset på område ØK1 og ØK2

5.4 Gang- og sykkelveg GS (2015)

- a) Gang- og sykkelvegane skal opparbeidast i samsvar med linjeføring og breidde, slik det går fram av reguleringsplan-teikningane. Høgder går fram av plan- og profil-teikningane. Plassering i høgde kan avvike noko frå det som er vist i vedlagde teikningar for optimalisering opp i mot eksisterande tilhøve. Gangvegane skal ligge i avstand frå køyreveg slik det går fram av reguleringsplanteikninga for å sikre gode skilje mellom køyreveg og dei ulike gangareala.
- b) Gang- og sykkelvegane skal utformast i tråd med krav til universell utforming i Statens vegvesen sine handbøker og i TEK17. Der det er skilnad på krava mellom Statens vegvesen sine handbøker og TEK17 skal TEK17 gjelde.
- c) Eigedomane 43/83, 43/81, 43/82 og 43/80 har køyrbar tilkomst på gang- og sykkelveg o_GS8 som ligg på nordsida av rv.15.

5.5 Annan veggrunn-teknisk anlegg (2018)

- a) Annan veggrunn – teknisk anlegg er overkøyrbare areal skal sikra framkomme for store køyretøy i kryssa. Overflata skal vere steinsett.
- b) Det skal dokumenterast før gjennomføring at steinsettinga i dei overkøyrbare areala vil tole at store køyretøy køyrer her. Det skal også dokumenterast at steinsettinga toler vriding av hjula til desse store køyretøya.

5.6 Annan veggrunn-grøntareal (2019)

- a) Annan veggrunn – grøntareal skal sikra dei offentlege vegane. Areala skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøntareal, rekkverk, murar og grøfter. Det er ikkje tillat å gjere inngrep i desse areala som kan skade eller endre dei offentlege vegane.
- b) Mindre avvik i skråningsutslag kan skje som følge av uføresette tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar eller feil i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal omdisponerast til vegformål kan avvike noko frå formålsgrensene til annan veggrunn. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål vert nytta til tilstøytane føremål.
- c) Areala kan nyttast til riggområde, mellombels anleggsområde og mellombels massedeponi når veganlegget skal byggast.

5.7 Haldeplass/plattform HPP (2025)

- a) Haldeplass og plattform skal opparbeidast slik det går fram av reguleringsplan-teikninga.
- b) Haldeplassen skal utformast i tråd med krav til universell utforming i Statens vegvesen sine handbøker og i TEK17. Der det er skilnad på krava mellom Statens vegvesen sine handbøker og TEK17 skal TEK17 gjelde.

5.8 Kollektivhaldeplass SKH (2073)

- a) Kollektivplattform skal opparbeidast slik det går fram av reguleringsplan-teikninga.
- b) Haldeplassen skal utformast i tråd med krav til universell utforming i Statens vegvesen sine handbøker og i TEK17. Der det er skilnad på krava mellom Statens vegvesen sine handbøker og TEK17 skal TEK17 gjelde.

5.9 Gangveg/gangareal GG (2016)

- a) Gangvegen skal opparbeidast i samsvar med linjeføring og breidde, slik det går fram av reguleringsplan-teikninga. Gangvegen skal tilpassast høgde til plattform og tilgrensande gang- og sykkelveg.
- b) Gangvegen skal oppfylle krav til universell utforming i Statens vegvesen sine handbøker og i TEK17. Der det er skilnad på krava mellom Statens vegvesen sine handbøker og TEK17 skal TEK17 gjelde.
- c) Det vil vere løyve til å køyre over o_GG4 for tilkomst til byggeområda med tilhøyrande parkering.

5.10 Parkering P (2080)

- a) Områda viste som parkering skal nyttast til parkeringsplassar.
- b) Tilkomst til parkeringsplassen o_P1 er via gang- og sykkelveg o_GS8

5.11 Avkøyrslar (pil)

- a) Avkøyrslene sikrar tilkomst til private eigedomar frå tilgrensande veg
- b) Avkøyrslene skal plasserast best mogeleg i høve drifta og slik at siktkrava 4 x 20 m er oppfylte. Unntak frå siktkravet er avkøyrslene til eigedomane 43/83, 43/81, 43/82 og 43/80, der sikt vert som i eksisterande situasjon. Avkøyrslene kan berre nyttast som tilkomst til eigedom den viser til.

6 Omsynssoner (pbl. §§12-6 og 12-7)

6.1 Faresone ras- og skredfare (H310)

- a) I faresone H310_1 kan det ikkje gjennomførast tiltak som inngår i tryggingssklasse S1, S2 og S3 jf. teknisk forskrift til plan- og bygningslova før krava til tryggleik er ivareteke.
- b) I faresone H310_2 kan det ikkje gjennomførast tiltak som inngår i tryggingssklasse S2 og S3 jf. teknisk forskrift til plan- og bygningslova før krava til tryggleik er ivareteke.
- c) I faresone H310_3 kan det ikkje gjennomførast tiltak som inngår i tryggingssklasse S3 jf. teknisk forskrift til plan- og bygningslova før krava til tryggleik er ivareteke.

6.2 Faresone– flaum (H320)

- a) I faresone H320 (flaum) kan det ikkje gjennomførast tiltak som inngår i tryggingssklasse F2 og F3 jf. teknisk forskrift til plan- og bygningslova før krava til tryggleik er ivareteke.

6.3 Støysone (H210)

- a) Raud støysone iht. rundskriv T-1442.00

6.4 Støysone (H220)

- a) Gul støysone iht. rundskriv T-1442.

6.5 Frisiktsone mot vegar (H140)

- a) I områda mellom frisiktlinjene og gater/fortau (frisiktsona) skal det til ei kvar tid vere fri sikt frå 0,5 til 3 meter over nivået til dei tilstøytande areala. Unntak gjeld for frittstående skilt / stolpar. På desse areala skal vegetasjon eller andre element som er høgare enn 0,5 meter fjernast. Eigar av tilstøytande gater har løyve til å ta ned vegetasjon innanfor sona

7 Føresegnområde (pbl. §12-7)

7.1 Mellombels bygge- og anleggsområde

- a) Områda skal nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegget. Områda vert ført attende til bruksformål og utforming i samsvar med gjeldande arealformål etter at veganlegget er ferdigstilt.